



## ÅRDAL TURLAG



*Smoget, fremst i Fleskenosdalen*

## ÅRSmelding 2023

## **Styret i Årdal Turlag 2023**

Leiar	Sonja Hestetun	På val i 2023 (kvart år)
Nestleiar	Helge Rørvik	På val i 2023 (kvart 2. år)
Kasserar	Sølvi Hatlevoll	På val i 2023 (kvart 2. år)
Styremedlem	Anders Lindborg	På val i 2024 (kvart 2. år)
Styremedlem	Cecilie Holst	På val i 2023 (kvart 2. år)
Styremedlem	Frank Øyre	På val i 2023 (kvart 2. år)
Styremedlem	Inge Seglem	På val i 2024 (kvart 2. år)
Varamedlem	Odd Einar Frosta	På val i 2023 (kvart år)
Varamedlem	Kristin Hestetun	På val i 2023 (kvart år)

## **Undergrupper**

Barnas Turlag

Anne Mikalsen Steinheim  
Tonje Lund Tufte  
Lena Nyheim Igari  
Mona Holmefjord  
Martin Walderhaug  
Jorunn Haug Johansen  
Gunvor Nordås  
Trine Hestetun

Fjellsportgruppa  
Mosjonsskulen  
Årdal Gålag  
FTU

## **Nemder og utval**

Revisorar

Bjørn Lindland  
Hans Otto Tråi  
Gunn Tonning  
Rune Valsvik  
Bente Myrland  
Inga Jane Vie Karlsen  
Olav Kjell Moen  
Rune Valsvik

Støls-og topptrim

Frank Øyre / Inge Seglem  
Ole Magnar Nundal  
Kristian Avdal Semstrøm  
NN  
Ole Magnar Nundal  
Tom Røysi  
Bjarte Krossøy  
Magne Folven

Stirydding

Dugnadsgjengen Gravdalen  
Gravdalen, Avdalselet

Gravdalen, Svalheimselet

Gravdalen, Tronteigselet

## Leiaren har ordet

20.februar 1973 heldt ivrige eldsjeler skipingsmøte, og dermed vart Årdal turlag i løpet av hausten skipa. Store dugnadsprosjekt kom i gang i Gravdalen, Fremre Hjelledalen, Stølsmaradalen og i Avdalen. Alt dugnad arbeidet er godt dokumentert, og på 80- og 90-talet vart det stadig etablert nye turlagsgrupper.

50-årsjubileet til turlaget måtte feirast! 11.februar vart tre merkeprisar for første gong delt ut. *Det var med stor glede me kunne dele ut ærespris, heiderspris og dugnadspris til personar som har gjort ein framifrå innsats for turlaget.*

Det var på tide å vise at me set pris på frivillige som har gjort ein ekstra innsats for turlaget enten i år eller dei siste 5 til 25 åra. Det var eit luksusproblem å bli einige om kva kandidatar og kor mange som skulle prioriterast på jubileet, så turlaget kjem til å halde fram med å prisutdeling på årsmøta i framtida.

Årdal turlag er no og tidlegare eit mangfold av frivillige eldsjeler som held ved like og bygger vidare på alt arbeidet som er bygd opp gjennom godt samarbeid, ofte hardt dugnadsarbeid og god planlegging. For å halde alt dette i gang er me heilt avhengige av alle som stiller opp.

For ein flott gjeng som har teke initiativ til å starte med ulike grupper, og i tillegg bidrige til at dette har utvikla seg til å bli Årdal turlag slik det er i dag. Mange sørger for at det er kjekt og godt å bu i Årdal, for barn, unge, om du har utfordringar, om du er eldre, eller er tilflyttar. I tillegg er samarbeid med andre lag og organisasjoner som stiller opp når det er ønskje og behov for det, gull verdt. Det at FTU fekk prisen som «Årets Årdøl» var svært positivt og veldig fortent. Det viser mangfaldet, og at det turlaget bidreg med i bygda, vert sett pris på. Det gir oss inspirasjon til å halde fram!

I år har det vore oppgradering i Gravdalen med fokus på brannsikring i tråd med anbefaling frå branntilsynet. No er alt brannutstyr på plass, nye omnar og nye isolert piper er installert.

Turbøkene er på plass att, og nye Årdal DNT T-skjorter kan kjøpast på Sporten. I tillegg til sti-merking på Seimsåsen, er Kløvjavegen og ein gamal stølsveg frå Holsbru til Engjesete, rydda og merka. I sommar opna endeleg det nye utsiktspunktet over Vettifossen, og DNT-hyttene stod klare til bruk på Morki.

Takk til alle som stiller opp for turlaget, og ikkje minst takk til de som støttar oss økonomisk. Det er mykje forskjellig aktivitet i turlaget. Les alt som skjer i alle gruppene i årsmeldinga. Der får du eit godt innblikk i kva som har skjedd i år. Du kan også følgje turlaget på FB og på den nye heimesida vår <https://www.dnt.no/ardal>

God lesing! Så sjåast me på tur rundt om i bygda og elles i den flotte naturen vår.

Sonja S. Hestetun  
Leiar Årdal turlag

# Oversikt æres- heiderspris og dugnadspris 2023

## Æresmedlemskap

- Utdelast ved spesielle anledningar (jubileum)  
Kan tildelast kandidatar med framifrå god innsats for Turlaget over 20-25 år.
- Kandidaten må ha vist betydeleg innsats og initiativ for Årdal Turlag.
- Æresmedlemskap er eit sjeldan heidersteikn og heng svært høgt.
- Diplom, Pin, blomster

**Svein Fretland**

**Gunvor Nordås**

## Heiderspris

- Kan tildelast kandidatar med betydeleg innsats for Turlaget over 5-10 år ved spesielle anledningar (jubileum)
- Egen komite - i år Kristin, Olav Kjell og Geir Leon, meg
- Innsatsen er gjerne innan fleire deler av Årdal Turlag si verksemd
- Diplom, merke, blomster

**Petter Arnt Løvdahl**

**Tor Valaker**

**Inga Jane Vie Karlsen**

**Anders Lindborg**

**Rune Valsvik**

**Ole Magnar Nundal**

**Odd Einar Frosta**

**Anton Kjærvik**

**Jostein Bugjerde**

**Karin og Jonny Asperheim**

## Dugnadspris

Utdelast årleg på årsmøte

Kandidat bestemmas av styret.

Diplom og gåvekort

**Magne Folven**

## Rekneskap 2023

<b>INNTEKTER</b>		<b>I ÅR</b>		<b>I FJOR</b>
Medlemsinntekter	kr	27 500	kr	24 000
Overføringer DNT	kr	140 945	kr	171 000
Salg Kalendarar	kr	67 232	kr	67 056
Salg/støtte turbok	kr	69 164	kr	936 125
Inntekt Gravdalens	kr	7 750	kr	28 600
Inntekt Støls og topptrim	kr	1 200	kr	61 300
Inntekt Turavgift	kr	5 855	kr	1 200
Inntekt kurs/arrangement	kr	31 300	kr	34 949
Tilskot/støtte/fond	kr	229 111	kr	114 900
Overføring Norsk Tipping	kr	8 971	kr	7 291
Andre inntekter	kr	700	kr	5 924
<b>SUM INNTEKTER</b>	<b>kr</b>	<b>589 728</b>	<b>kr</b>	<b>1 452 345</b>
 <b>UTGIFTER</b>				
Utgift kalendar	kr	24 800	kr	24 800
Utgift turbok	kr	5 092	kr	734 500
Utgift Gravdalens	kr	131 091	kr	22 100
Utgift transport turar	kr	2 240	kr	9 657
Utgift støls og topptrim	kr	-	kr	43 700
Utgift arrangement	kr	95 988	kr	111 033
Støtte til andre lag og organisasjoner	kr	1 514	kr	1 514
Leie lokaler	kr	10 000	kr	10 000
Kostnad inventar/utstyr	kr	20 173	kr	23 504
Programvare årlig vedlikehold	kr	8 409	kr	4 993
Kostnader klede/luer	kr	48 552	kr	12 339
Rep.vedlikehald stiar/turområde	kr	12 808	kr	62 609
Andre kostnader	kr	496	kr	1 431
Trykksaker	kr	10 822	kr	25 554
Kostnader kurs/møter	kr	25 405	kr	14 589
Avsetning kostnader jub.fest 50år	kr	1 441	kr	100 000
Porto	kr	1 058	kr	804
Momskompensasjon DNT	kr	-	kr	23 459
Annonsekostnader	kr	1 826	kr	2 271
Kostnad SF Turlag	kr	38 514	kr	47 040
Gaver	kr	4 741	kr	28 937
Forsikringspremie	kr	4 066	kr	3 765
Utgifter Styremøte/års møte	kr	22 535	kr	8 261
Bank og kortgebyrer	kr	2 407	kr	8 015
Tilgang/bruk av fond	kr	113 118	kr	23 590
<b>SUM KOSTNADER</b>	<b>kr</b>	<b>566 018</b>	<b>kr</b>	<b>1 301 547</b>
Renteinntekt Indre Sogn Sparebank	kr	13 840	kr	2 324
<b>SUM RENTEINNTEKTER</b>	<b>kr</b>	<b>13 840</b>	<b>kr</b>	<b>2 324</b>

<u>ÅRSRESULTAT</u>	<u>kr</u>	<u>37 551</u>	<u>kr</u>	<u>153 122</u>
--------------------	-----------	---------------	-----------	----------------

STATUS pr. 30.september

Kundefordring	kr	5 150	kr	9 800
Til gode moms	kr	-	kr	22 375
Medlemskonto	kr	118 842	kr	92 705
Brukskonto	kr	624 938	kr	569 619
Sparekonto	kr	710 073	kr	696 233
Konto fjellsportgruppa	kr	69 018	kr	58 800
<b>Sum</b>	<b>kr</b>	<b>1 528 021</b>	<b>kr</b>	<b>1 449 532</b>

Eigenkapital	kr	1 184 427	kr	1 031 305
Fond Årdal Turlag	kr	70 000	kr	170 000
Fond Turskilt	kr	33 000	kr	-
Fond Fjellsportgruppa	kr	53 873	kr	53 873
Fond FTU	kr	105 180	kr	17 363
Fond Barnas Turlag	kr	43 990	kr	18 689
Leverandørgjeld	kr	-	kr	5 180
Årets overskot/underskot	kr	37 551	kr	153 122

Eigenkapital 30 september

<u>Eigenkapital 30 september</u>	<u>kr</u>	<u>1 528 021</u>	<u>kr</u>	<u>1 449 532</u>
----------------------------------	-----------	------------------	-----------	------------------

Øvre Årdal 31.10.23

Bjørn Lindland

Bjørn Lindland

revisor

Hans Otto Træi

Hans Otto Træi

revisor

Sonja Hestetun

leiar

Sølvi Hatlevoll

Sølvi Hatlevoll

kasserar



## MEDLEMMAR I ÅRDAL TURLAG

	<b>2022</b>	<b>2023</b>
DNT Medlem	324	337
DNT Barn/Ung 0-16år	42	47
Fjellsportgruppa	0	0
Årdal Turlag lokalt	96	110
<u>Totalt</u>	462	494

Hans Otto Tråi

Hans Otto Tråi

Bjørn Lindland


Bjørn Lindland

## Turrapportar

### Trugetur, 6. mars

Flott trugetur i Fardalen i kveld! 18 stykker var med på turen. 15 starta ved skihytta i Fardalen og gjekk heile runden opp til Åsete og nedatt via "Fåra" til Tausebakken. Takk til Audun og Leif Magne som gjekk i førevegen og fyra bål ved Fåra slik at det var klart til grilling når resten kom 😊 Det var kaldt, så det vart ein rask retur frå Fåra til Tausebakken.

Turleiarar var Jorunn og Anne-Bjørg, med litt hjelp frå Gabor og Birgitte.



På veg opp bakkane til Åsete



Åsete



*Grilling ved Fåra*

### **Berdalseken, 1. april**

Då er årets påsketur med Årdal Turlag vel gjennomført. 11 spreke skiløparar blei med på den lange og krevjande turen til Berdalseken i dag. Rundt 800 meter stigning frå Sletterust til toppen på vel 1800 moh, totalt 10 timer og 30km, men med nydeleg påskever og fantastisk utsikt på vegen var det vert slitet! Takk for turen!



*På fremre Krekavatn, med målet i sikte*



*Klar for sistemotbakken*



*Flott på toppen*

Anders

## Buvassnosi, 19. april

Flott ver og nydeleg utsikt til tindrekka for dei fem som var med på turen til Buvassnosi i ettermiddag 😊 Turen gjekk frå Televerksgarasjen og me brukte knapt fire timer på turen.



Fint i fjellet!



Ikkje noko å seie på utsikta



Flott, men litt utfordrande føre på veg heim

Anders

## Mellom fossar og juv i Moadalen, 14. mai

Turen gjekk opp stien i Moadalen, med fleire avstikkarar for å sjå på juv og fossar. Som ein av deltagarane sa etter turen: "Dette må vere ein av dei mest gjøymde naturhemmeligheitane i bygda." Årdal Turlag takkar Tore Saksvikrønning for god guiding. Takk for turen til dei 16 deltarane som var med.



Trolltunga i Årdal



Flotte fossar i Moadalen

Helge

## **Skihytta - Åsete - Gravdalen - Hjelle, 24.juni**

Endeleg fekk me godver på grautturen frå skihytta i Fardalen til Avdalen! Heile 23 stk var med oss på tur i finveret i år. Kjempekjekt😊

Turen gjekk frå Skihytta opp til Åsete og vidare til Åsetvatnet, Gravdalen og ned til Avdalen der me fekk god graut på Avdalen Gard. Me brukte omlag 5,5 timer på turen frå Skihytta til Avdalen, inkludert gode pausar.

Takk til alle som var med på turen!



*Elvekryssing i Skjerpedalen*



*Flott innover i Gravdalen*



*Snart graut*

Kristin


## Koldedalen - Fleskenosdalen - Vettismorki, 9 - 10 september

Flott tur frå Koldedalen via Fleskenosdalen til Vettismork i går!


Me var 9 i følget som starta turen frå Koldedalen. Veret var strålende med sol og over 20 grader. Etter å ha tatt av stien som går til Uradalen entrar me Fleskenosdalen gjennom Smoget. Fra noko goldt terreng i starten kjem ein relativt fort ned til gras-slanane med elva som buktar seg roleg nedover - veldig flott. Fleskenosdalen er ein ufortent lite besøkt dal! På Vettismorki overnatta me på den nye DNT hytta. Det vart bading før bålkos og grilling på Kaksebu. Søndag gjekk turen over Morkaskaret og ned Hjelledalen.



Smoget. Passet der me går over frå Uradalsvatnet til Fleskenosdalen. Hurrungane i bakgrunnen.



Flott nedover i Fleskenosdalen!



Kjempeflott kveld på Vettismorki

Odd Einar

### Skrednosi, 22. september

For ein fin start på helga. 8 glade vandralar møttest på Seimsåsen og tok rundturen om Skrednosi og Bjødnaholten i ettermiddag. Været viste seg endeleg frå godsida, og me fekk både sol, blå himmel, fine haustfargar og ikkje minst nydeleg utsikt mot Hurrungane



Bjørnaholten



Fin utsikt på veg nedatt fra Skrednosi

Cecilie

### Haustvandring i Utladalen, 28. september

(tekst av Tilflyttarkontoret)

For ein fantastisk fin gjeng som var med på haustvandring i Utladalen i dag . Nye (og gamle) årdøler vandra og blei betre kjende med naturen, kulturhistoria og ikkje minst kvarandre .

Tilflyttarar frå Polen, Nederland, Norge, Ukraina, Colombia, Peru og Serbia var blant deltakarane, mange på tur i Utladalen for fyrste gong.

Ein stor, stor takk til Årdal turlag for perfekt guiding og bruk av Utladalen Naturhus og til Gålaget for serveringa .

Og ikkje minst tusen takk til flykning tenesta og tolkar, Årdal i Sogn Røde Kors og Tide buss (Solheim) og alle andre som har vore med på planlegginga og bidrige på ulikt vis for at arrangementet blei så fint.



Alle let seg fasinera av Avdalsfossen



Vaffelpressa i full sving



Kaffi og vaffelkos i Skåri



Givande å vera med på slike aktivitetar

# Årsmelding, Årdal FTU 2023



I 2023 hadde FTU heile sju turar/aktivitetar planlagt på våren og skal ha fire turar/aktivitetar før jul. Etter å ha gjort oss ein del erfaringar dei siste åra, har me landa på eit par faste turar/arrangement, og så prøver me å teste ut nye samarbeid og nye turar i tillegg. Det at me fekk prisen som «Årets Årdøl» var svært overraskande og veldig inspirerande, og gav oss enorm motivasjon til å planlegge eit flott 2023 for alle FTU'arane! Me er superstolte og krye over prisen.

Den mørke tida kan vera litt vanskeleg for oss då mykje av turterrenget me nyttar, er vanskelegare å ferdast i for FTU'arane både på grunn av snø og is, men også på grunn av lite lys. Då må me vere kreative, og i januar fekk me til eit samarbeid med SOK, der me fekk kome i teknologiparken og prøve ut spennande teknologi som var tilrettelagt for målgruppa vår. Dei flinke tilsette på SOK losa oss gjennom enkel programmering og alle opplevde å få det til på sitt nivå. Dette var veldig spennande og skikkeleg stas.

I februar var det tur ute att. Då var det den faste turen med rebus langs «lysløypa» ved moloen i Øvre. Etterpå var det aktivitetar inne på Årdal vidaregåande skule. Me dansa mellom anna FTU-dansen me har laga, og hadde elles andre aktivitetar til musikk og t.d. bowling-konkurranse. Det vart servert ostesmørbrød som «turmat». Dette var veldig populært.

I mars var det planlagt tur på Seimsåsen. Me gjorde oss gode erfaringar med dette i fjor. Planen var å tilby skitur, truetur og tur med scooter for dei som sit i rullestol. Akekonkurranse og grilling var også populært året før. Dessverre fekk me ikkje gjennomført denne turen fordi me i styret ikkje klarte å stille på grunn av sjukdom, reise og andre oppdrag. Dette skjer heldigvis svært sjeldan, men me syntest uansett at det var veldig dumt, så då laga me like godt til ein aktivitetsdag i Tangenhallen ei anna helg som passa betre. Der laga me til stasjonar med fokus på styrke, balanse og koordinasjon og så avslutta me med nokre leikar inne + ein fotballkamp ute sidanvêret var så fint. Sjølv om dette arrangementet vart laga til litt impulsivt, gjorde me oss veldig gode erfaringar. Det vart ein heilt super søndag føremiddag og det freistar til gjentaking!

Då våren var på veg i april, tok me den tradisjonelle turen i Skåri. Då møtest me på parkeringsplassen og har rebus opp til Hjelle gard og vidare innover mot Naturhuset. Framme i Skåri fekk me besøk av russen som stilte opp på både tautrekking, kubb og andre aktivitetar. Dette var kjempemoro og veldig populært! Me håpar det kan bli ein tradisjon at russen set av tid til å vere med oss på denne turen.

I mai arrangerte me, i år som i fjor, friidretts-dag i samarbeid med friidrettsgruppa i Jotun. Veldig mange tok turen på stadion denne dagen og gjennomførte både 60-meter, lengde og liten ball med engasjement og fantastisk innsats! Mange opplevde meistring og glede i lag med sunt konkurranseinstinkt, så dette blir heilt klart eitt av dei faste arrangementa våre. I år fekk me også engasjert spelarane på Årdal FK til ein uformell fotballkamp som avslutning på dagen. Dette var veldig populært og fekk verkeleg fram konkurranseinstinktet hjå mange. Skikkeleg moro!

Padlinga med Bulder og Brak i juni, er det store høgdepunktet i året for oss i FTU. Etter råd frå Torunn valde me å utsette turen til å august når været ofte er meir stabilt og temperaturen i vatnet er litt betre. Heldigvis skulle me ha bankett i juni, slik at det vart arrangement uansett. Og gjet om det var stas med bankett i år og! Alle som hadde vore med FTU på tur denne vinteren og våren, kunne melde seg på banketten som vart arrangert på Bakeriet med fin middag, talar, utdeling av personlege diplomar og ikkje minst dansing til live-musikk av Bent Vadset. For ein kveld! Banketten er komen for å bli! Dette var i tillegg eit fint høve til å gjere litt stas på ein del av dei frivillige som er med og hjelper oss på turane våre. Dei vart inviterte til banketten som FTU då spanderte. Det tykte me var kjekt.

Etter to år som vart prega av pandemi, kunne me endeleg planlegga eit heilt vanleg FTU-år i 2022. Me i styret har no jobba nokon år og har gjort oss ein del erfaringar, så me ynskja å utvide tilbodet litt. Derfor vart det lagt planar for fire turar på våren og fire turar på hausten. I tillegg ville me arrangere ein bankett for FTU'arane før sommarferien, for å markere slutten på FTU-året, og for å gjere litt stas på dei som er med oss på tur. Det skjer ikkje så alt for mykje for denne gruppa i kommunen, så ein bankett tenkte me ville vere eit godt tiltak.

Etter sommarferien kunne me endeleg gjennomføre padlinga med Bulder og Brak på ein strålende august-dag. Mange hadde fått prøvd seg i kajakken eit par gonger før no, og var enda tøffare i år. Det var utruleg kjekt. Det var trygt og godt å ha Bulder og Brak som ansvarlege arrangørar. Torunn Laberg har utdanning i å legge til rette padling for funksjonshemma og hadde laga til eit kjempeflott opplegg. Dette håpar me verkeleg at me kan gjenta kvart einaste år.

Fordi padlinga kom i august, vart det for seint å arrangere fiskekonkurranse i år. Derfor vart turen i september lagt til Ytre Moa. Der fyrté me opp i bålpanna, og hadde planar om pinnebrød, men måtte gå for heimelaga ostebollar i staden på grunn av usikkert vær. Det vart godt motteke det og. I området rundt gapahuken fekk me då høve til å prøve ut det nye frisbeegolf-settet me har kjøpt inn. Det tykte me fungerte godt. Når to av spelarane på Årdal FK møtte opp for å vere med på tautrekkinga og litt song og dans til slutt, vart dette ein strålende turdag.

Dette er så langt som me er komne i 2023, men i oktober er det planlagt tur til ridesenteret i Seimsdalen. Dette er ei ny erfaring frå oss, men me heiv oss lett rundt då damene der tok kontakt og lurte på om me ville komma. Planen er å gå frå parkeringa ved Strondi og opp til ridesenteret. Der oppe får alle høve til å stella hest, samtidig som me har aktivitetar ute på plassen. Det kan sjå ut som det blir steiking av vaflar og kos i stallen også. Dette håpar og trur me skal bli vellukka.

I slutten av november kjem me til å ta opp att suksessen frå tidlegare år då me har arrangerte graut-tur og juleavslutning framme på Timbersletta i låven hjå Magne Nordgulen og Laura Brons. Dei fleste går då fram frå Svalheim og så står grauten klar på låven når dei har gått turen. Vidare blir det eit lite julelotteri, og truleg kjem nissen med godteposar i sekken. På førehand tusen takk til Magne og Laura for at me får bruka låven! Dette er ei fantastisk avslutning på FTU-året for oss!.

Alt i at er me godt fornøgde med oppmøtet og arrangementa som har vore. Me i styret gjer oss stadig nye erfaringar og det gjer at turane blir betre organiserte. Det verkar no som at FTU har etablert seg som noko mange kjenner til og det er enkelt å hugse på at me har turar siste onsdagen i månaden. Derfor er det stort sett alltid godt oppmøte og mange seier at dei gler seg til tur. Me prøver å ha variert og tilpassa innhald og kosar oss verkeleg!. Me ser også at me har fått mange følgjarar på Facebook, så det er ikkje lenger berre FTU'arar som kjenner til arrangementa våre. Det tykkjer me er skikkeleg stas. Viss ein er interessert i å sjå biletet frå turane våre, så er det berre å følgje oss på FB.

Utgiftene våre er ikkje så store, men me brukar litt på turmat og også til å leige kompetanse som t.d. Bulder og Brak. Nokre gonger kan det vere at me betalar litt i leige for å kunne ha eit lokale som endestasjon for turen vår. Mange av brukarane må ha tilgang på toalett, dei frys lett og må kunne gå inn osb. Alt dette må me legge til rette for og det er vorte eit flott tuttilbod til dei med utviklingshemming, dei med andre utfordringar og også søskjen, foreldre, anna familie og andre.

Frå styret:

Trine Hestetun Danielsen, Nina Framstad-Helle, Line Hillestad og Nina Jevnaker

# Gravdalen 2023

Vintermøte i dagnadsteamet var halde 03. - 05.februar. Normalt med snø i år. Me kom opp i måneskin fredag kveld. Gjekk innover dalen mot Gravdalsvatnet laurdag, vaska opp og rydda søndag, og sjølvsagt kosa oss med god mat og planlegging av sesongen om kveldane. Denne vinterturen til Gravdal i fullmåne, har vorte ein fin tradisjon, som me har tenkt å halde fram med.



Vinter på Gravdalen

Det har vore 2 store dagnadshelgar i år med god deltaking. Slått i august, og ved-dagnad i oktober. På slåttedugnaden, 04. - 06.august, var me 8 personar, so arbeidet gjekk godt unna. Fint vær laurdag gjorde det triveleg å arbeide, og det blei høve til bålfyring om kvelden. Me tok også ei ekstra oppgåve denne helga; Ovnane og pipene i Svalheimsselet og i Avdalselet vart skifta ut, i tråd med pålegg frå Brannførebyggaren i Årdal Kommune. Ovnen i Trondteigsselet er nesten ny, so den treng ikkje skiftast, men pipa vart skifta nokre veker etter slåtten.



Lunsjtid under slåttedugnad i august

Ved-dugnaden, 13. - 15. oktober hadde 10 deltagarar. Det var svært därlege vermeldingar, men det stoppa ikkje oss, og været blei heller ikkje so därleg som meldt. Men bålkos ute vart det ikkje denne gongen. Alle måltid måtte nytast inne, og me dekka på til 10 personar inne i Svalheimsselet, både til lønsj og middag på laurdagen. Og i Svalheimsselet vart me sittande, etter middag, til det var tid for å legga seg. Med eit ekstra bord og to ekstra benker var det koseleg å sitte samla der. Denne sesongen, som i dei siste åra, har «bookinga» gått via Visit Årdal si heimeside. Dette har fungert bra, men i år har det berre vore registrert 12 gjestedøgn i dette systemet, medan hyttebøkene dokumenterer mykje meir besök. So styret får sjå på dette, og kanskje vurdere alternative bookingmåtar. Tidene med kontant betaling i ein postkasse, er i alle fall forbi. Og det er nok mange som tek sjansen på å gå opp utan å booke på førehand, og inkludert dugnadane blei det i alt 121 registrerte overnattingar. Ein liten oppgang frå i fjar, til tross for mykje därleg vær i juli, august og september!

Gravdalen er eit turmål, som blir meir og meir brukt, både av lokale trimmarar og langvegsfarande fjellfolk. Mykje positive tilbakemeldingar i hyttebøkene, og det kjem tydeleg fram, at å få oppleve Utladalen (og Årdal) på denne måten, med slike overnattingstilbod, har stor verdi for mange. Og dermed også for Årdal sitt omdøme.


Nokre av oss har også hatt ein del snarturar opp med stearinlys, dopapir, bensin, reine handdukar, sengeklede, lampeolje, gass og andre småting til drift.

Det er bokført 295 dugnadstimar i år.

Dugnadsgjengen er trufast og stabil, og forhåpentlegvis aukande.

Me likar svært godt at folk tek kontakt og vil vera med.

Litt statistikk til slutt:



For tilsynsfolki på Gravdalen,  
Ole Magnar Nundal

# Årdal Mosjonsskule, årsmelding 2022/2023

Samarbeidsavtalen med Årdal Turlag seier noko om føremålet til Mosjonsskulen

1. Drive eit trimopplegg med låg terskel for å delta
2. Skape eit lystbetont opplegg, med stor vekt på det sosiale
3. Drive målretta arbeid for å få «nullmosjonistar» til å ta vare på eiga helse
4. Drive rekruttering for Årdal Turlag



Gjengen klare for ei god treningsøkt.

## Aktivitet og sosiale tiltak

Frå september til april har me hatt trening kvar måndag og onsdag. Oppvarminga tek me ute, der me går i ca  $\frac{1}{2}$  time. Kor ein vil gå, bestemmer ein sjølv, berre ein er inne att til avtalt tid til for trening. Gåturen kan vere rundt «Moloen», Bukti og rundt, over Teigane eller opp mot sjukestova. Nokre føretrekk å gå fleire rundar på idrettsbana, då den er litt mjukare å gå på enn asfalt. Ikkje alltid veret er på vår side, men dette er ingen hindring.



Damene klare for nokre rundar på bana.

**7. desember 2022** hadde me juleavslutning på Samhold. Alltid like kjekt, med god mat og hyggelig samvær.

**27. mars 2023** avslutta me treninga for sesongen. På avslutningskvelden har me tidlegare samlast til mat og sosialt samvær, men måtte avlyse i år, pga dårlig påmelding. Då Bjørg Størseth hadde meldt til styret at ho ville gi seg som trenar, måtta me finne på noko anna. Løysinga vart at me tok avslutning for henne på treninga denne kvelden, der det vanka blomster og godord, og me spretta alkoholfri sjampagne og kosa oss. Alle gav uttrykk for at Bjørg vil bli savna som trenar, ho har vore med oss så lenge. Men heldigvis held ho fram med oss til hausten, ved å vera med å trene.



*Blomster til Bjørg, siste kveld som trenar.*

### **Medlemstal / Rekruttering**

Alderssamansettninga denne sesongen er frå midten av 50 åra til over 80 år. Nokre av dei eldste har gitt seg, og nokre nye er komne til. Hausten -22 hadde me 28 betalande medlemmar, og dette talet ynskjer me ikkje skal gå nedover. Det er alltid varierande oppmøte, men me har vore frå 15-22 stk på treningane, og det er me nøgde med. Me oppmodar medlemmane om å få med nye på trening, og styret har alltid medlemstalet som tema på styremøta. Me ynskjer at Mosjonsskulen skal bestå, og prøver derfor å legga til rette slik at alle skal trivast og ha lyst å møta på trening.

### **Trenrarar**

Hausten 2022 og våren 2023, er det Bjørg Størseth og Irene Ruud som har delt på trenaroppgåvene. Dei har leia kvar sin dag i veka, og ellers hjelpt kvarandre ved behov. Dei er dyktige, ser alle og har sansen for ein god replikk. Dei gjer alt for at me skal ha ei god og humørfylt treningsøkt.

I vår gav Bjørg beskjed om at ho ynskte å gi seg som trenar. Styret fikk dermed i oppgåve å skaffe ny trenar, før oppstarten hausten -23.



*Irene klar for å losa oss gjennom gode øvelsar*



*Bjørg og Betty over moloen, alltid med eit smil på lur.*



*Oppvarming før trening, ein fin haustdag*

### **Styret i Mosjonsskulen 2022/2023**

Styret har avhelde 4 styremøter i denne periode.

Jorunn Haug Johansen leiar

Oddrun Fredheim kasserar

Irene Ruud trenar

Bjørg Størseth trenar

Norvald Osland styremedlem

Tone Aas varamedlem

## MOSJONSSKULEN

## REKNESKAP 2022/2023

RESULTATREKNESKAP	2022/23	Note	2021/22
<b>Inntekter:</b>			
Medlemskontingent	35 100,00	1	39 650,00
Gåve frå sommartrimmen (2022)			11 807,20
Andre inntekter / Kulturmidlar	1 050,00	2	960,00
Gebyrer og renter	-		-
<b>SUM INNTEKTER</b>	<b>36 150,00</b>		<b>52 417,20</b>
<b>Utgifter:</b>			
Kontor / møte utgifter	109,80		40,00
Premiering / gåver	389,00		599,00
Trenarutgifter	18 000,00		18 000,00
Hall-leige	7 200,00		3 200,00
Tilstellingar	209,40		
Jubileumsfest (2022)			10 418,80
Gebyrer	-		-
Diverse	169,80		-
<b>SUM UTGIFTER</b>	<b>26 078,00</b>		<b>32 257,80</b>
<b>DRIFTSRESULTAT</b>	<b>10 072,00</b>		<b>20 159,40</b>

Status PR. 30.09.	2023	Note	2022
-------------------	------	------	------

<b>Eigendeler:</b>			
Bankinnskudd, driftskonto	69 935,93		59 863,93
Utestående krav	0,00		0,00
<b>SUM EIGENDELER</b>	<b>69 935,93</b>		<b>59 863,93</b>
<b>Gjeld og eigenkapital:</b>			
Eigenkapital 01.10.	59 863,93		39 704,53
Overskot / Underskot	10 072,00		20 159,40
<b>Eigenkapital 01.10.</b>	<b>69 935,93</b>		<b>59 863,93</b>

Øvre Årdal 01.10.2023

*Hans Otto Tråi*  
Hans Otto Tråi  
Revisor

*Bjørn Lindland*  
Bjørn Lindland  
Revisor

*Oddrun Fredheim*  
Oddrun Fredheim  
Kasserar

*Jorunn Høig Johansen*  
Jorunn H.Johansen  
Leiar

**Mosjonsskulen****Notatar til rekneskapet 2022/23**

Note nr. 1 Medlemskontingnt :  
Antal medlemmer = 27 x 1300

kr 35 100,00

Note nr. 2 Grunnstønad Årdal Kommune

kr 1 050,00

## Årdal Gålag, tursesong 17 - 2023

Tursesongen starta med fint ver, men så kom regnet og våtare månader, seinsommar og haustkan eg ikkje hugsa vi har hatt.

Det kom inn 30 forslag og vi sette opp 25 turar som vart gjennomført. Vi måtte endra på 5 turar og 3 av desse vart ikkje gått på grunn av veret. Desse var Molden, Tindevegen-Gravdalsbandet og Horgi rundt. Og for første gong på 17 år måtte vi avlysa ein tur og det var då «Hans» herja, men turen vart gått seinare. Vinterkveldsturane vart gjennomført i februar og mars med 43 personar.

Då 17.mai kom på ein onsdag i år sette vi opp tur fredag 19.mai frå Vik og til dei veglause gardane på sørsida av Sognefjorden. Denne turen har turleiar, Vidar Lægreid, anbefalt oss lenge og dei 61 personane som vart med fekk ein flott og interessantur. Dei turane i programmet som hadde flest deltagarar var rundturen i Vikadalen med 64, Moakamben med 53 og Sverrestien-Vindhella med 45.

Ein ny og flott tur vart gamle kløvjevegen utover frå Sletterust mot 1000-meteren. Denne har turlaget merka og rydda i år. Vi hadde og ein flott tur i Sogndal der vi gjekk opp til Nuken. Her fekk vi høyra om ei krigshandling som fann stad her i starten på siste verdskrig. Ein annan fin tur var opp til Bølifossen i Mørkrisdalen. Etter turen var det middag på Fjordstova i Skjolden. Vi hadde og middag på Fondsbu etter turen opp mot Sløtafjellet. Middagane vart betalt av Gålaget.



Ved Bølifossen i Mørkrisdalen den 21.juni. Foto: Irene

Vi søkte i år og om tilskot frå «Aktiv i 100» som DNT har ansvar for og fekk 15000,- kroner. Sluttrapport skal sendast inn i november.

Det syner seg at Gålaget er populært for i år har vi fått 17 nye medlemmer.

Dessverre har nokre slutta, men likevel er det ein fin flokk som møter opp onsdag etter onsdag i alle slags ver, like blide og positive. «Ut på tur -Gå deg glad» som Yngvar Andersen seier. Tilsaman vart turantalet i år 851, det gjev eit snitt på 34 og etter 17 år er det totale antaletkomen opp i 13528.

Dagsturhytta har og hatt godt med besøk i år. Dessverre er det ikkje alle som skriv seg inn i turboka så rett antal veit vi ikkje.



På toppen av Nuken i Sogndal den 16.aug. Foto: Magnar

Åbo skal vi besøka 18.okt. Der visar vi film frå turane våre, serverar kaffi og blautkake og har song og musikk. Dette set bebuarane stor pris på.

Til slutt vil eg takka alle turleiarar og kjentfolk og ikkje minst den flotte turgjengen for alle fine turminner som dei har delt med meg i år. Takk og for varme ord og klemmar i ei tungt tid.

Gunvor

## Årsmelding 2023

### Styret 2023

Daniel Andersen Åmås  
David Andersen Åmås  
Eirik Hjertenæs  
Brita Erica Duwe  
Ingrid Andersen Eidsvaag  
Mats Lindborg  
Kristian Larsen  
Martin Walderhaug (leder)

### Aktiviteter 2023

Vi har plass til flere på arrangementene våre! Ikke nøl med å ta kontakt hvis du er nysgjerrig.

### Skredkveld

30. november 2022



Som et samarbeid mellom DNT fjellsport, snøskredvarslingen Varsom, Fri Flyt og CARE ved UiT ble det arrangert skredkvelder i 25 ulike bygder og byer rundt om i landet i løpet av samme uke i november. Årdal var selvsagt en av dem, og Leif Øyvind Solemsli holdt et spennende foredrag i auditoriet til Årdal Teknologipark. Ca. førti fremmøtte fikk påfyll av livsviktig kunnskap for å ferdes trygt på tur i vinterfjellet.

## NF grunnkurs skred alpint

Januar

I løpet av to teorikvelder, tre kveldsturer og to dagsturer fikk seks deltagere på fullbooket kurs en solid innføring i kunnskap og metoder for å ferdes tryggere på tur blant snødekte fjell. Kveldsturene ble lagt til Seimsåsen og Tyin, mens de to fulle turdagene gikk mot Solbjørnorganipa i Jordalen og Fivlenosi i Vigdalen. Tema som turplanlegging, ulike skredproblemer, sporvalg og terrengvurderinger, kameratredning, ferdelsmønster, faretegn og snøkjennskap ble gjennomgått.

## Skisamling i Jølster

24.-26. mars



Med fine hytter på Jølstraholmen camping som base fikk elleve deltagere en flott helg på ski i Jølster. Blant annet Tindefjellet, Blåfjell og Gotdalsnipa fikk besøk av ivrige skifolk, og flere syntes det var kjekt å oppleve et turområde som var nytt for mange. Etter tur ble det stor suksess med en tur i saunaen på campingen, attpå til med frisk bademulighet både i elv og badekulp rett utenfor. Med pizza og taco på menyen i kombinasjon med trivelige folk var det heller ingenting å utsette på stemningen i hyttene på kveldene.

## **Skisamling på Vettismorki**

21.-22. april



Mot slutten av april la tre skiglade turfolk og en firbeint turkamerat turen til den nye DNT-hytten på Vettismorki. Tre av dem fikk en nydelig innmarsj fra Mannsberg, mens sistemann kom opp utover kvelden via Vetti. Trivelig hytteliv på kvelden med god fyr i ovnen. Utmarsjen ble lagt over Morkaskaret og ned Hjelledalen. Alle var enige om at det ble noen nydelige dager i fjellet som flere burde blitt med på!

## **Politikameratene**

14. og 15. juni

Tradisjonen tro fikk årets konfirmantkull fra Årdal, Lærdal og Aurland testet høydeskrekken på Hagaberg under arrangementet Politikameratene. Rappellering og topptauklatring stod på programmet. Med 94 ungdommer i årets kull var vi mange i sving fra både DNT fjellsport Årdal og Årdal Klatreklubb for å sikre at vårt bidrag til arrangementet ble en trygg og kjekk opplevelse.

## Kurs i sportsklatring

24.-25. juni



Over to dager fikk fire deltagere lære alt man trenger for å klatre på boltesikrede ruter utendørs. Både sektoren Plommehagen på klatrefeltet Kvam i Sogndal og et klatrefelt i Lærdal fikk besøk i løpet av helgen. Kurset ble arrangert i samarbeid med Årdal Klatrekubb.

## Fjellsportsamling i Stardalen

22.-24. september





Årets fjellsportsamling hadde Stardalen hyttegrend som base, hvor seks deltagere fikk fine turer til tross for friskt høstvær. På lørdag dro en gruppe på fem på tur i blåisen på Haugabreen. Siste deltaker la turen over Oldeskaret sammen med en firbeint turkamerat. På søndag la hele gjengen turen til Bolsetnipa, en fin utsiktstopp. Det var ekstra godt å trekke inn i varme hytter på kveldene siden været ikke spilte helt på lag, og stemningen var god både rundt middagsbordet og under flere runder brettspill.

## Fjellsportpils

25. oktober

I slutten av oktober gikk startskuddet for det som forhåpentligvis blir en trivelig tradisjon fremover! En gang i måneden vil vi samles til fjellprat og et eller flere glass valgfri drikke. Vi satser på å se mange nye og kjente fjes, og håper folk møter opp enten du er fjellvant eller helt fersk og nysgjerrig. Her er det gode muligheter for å møte nye folk med samme interesser! Første gang var vi fem stykker, så vi satser på stigende oppmøtetall fremover!



Barnas Turlag



## Årsrapport 2023

Barnas Turlag består av:

Anne Mikalsen Steinheim

Tonje Lund Tufte

Lena Nyheim Igari

Mona Holmefjord

Astrid Øvstetun

Slutten av turåret 2022 og 2023 har Barnas turlag arrangert ni arrangement, tre av arrangementa vart dessverre avlyst. Me har tatt med oss mykje erfaring gjennom dette første året og ser fram til gjenntakande og nye turar i 2024. Med oss i haust har me fått med oss Astrid Øvstetun, me ser det er positivt å ha fleire på laget i ein travel kvardag.

Me vil starte med å takke sponsorane våre, me har fleire som bidreg med litt ekstra artiklar på turane våre. Kiwi som sponsar oss med det me treng av mat, drikke, tursjokolade, frukt og andre artiklar som flasker, sitteunderlag, grillspyd og refleks. Europris har sponsa med koppar, fat, bestikk og juleposar. Sparebanken Sogn og fjordane som sponsa medaljar til Barnas løp. Hydro Energi som sponsa oss med midlar til friluftskulen og ÅBBL som i år også har gjeve oss midlar til leige av Bulder og brak opplevelingar, og til innkjøp av tursekk, tarp, tolleknivar og tursag.

**Avlyste arrangement:**

I samarbeid med Utladalen Naturhus skulle det arrangerast friluftskule i byrjinga av sommarferien, denne vart avlyst grunna for få påmeldte.

Haustens Kom Deg Ut arrangement, overnattingstur i Avdalen gikk ut i år grunna Jotun si jubileumsmarkering og fotballturnering. Denne håpar me å få gjennomført til neste år.

Haustens tur i samarbeid med Årdal bibliotek til dagsturhytta der det skulle være lesestund, vart utsett til våren.

## Aktivitetsleiar kurs

22 april deltok Anne og Tonje på aktivitetsleiar kurs på Kaupanger. Ein fin dag med mykje fin input og erfaringsdeling med andre barnas turlag i fylket.



## Lommelykttur over moloen på Hæreid 14/11-22

Rundt 50 stk var med på lommelykttur over moloen på Hæreid mandagsettermiddag😊  
Kjekt at så mange tok turen, og tåka la til eit ekstra spenningsmoment😊  
Undervegs på turen skulle barna finna ulike gjenstandar og prøve å få fire på rad på naturbingoen. Ved storesteinen på Cuba var det fyrt opp bål, og barna kunne kose seg med marshmallow og kakao😊 Alle barn fekk utdelt refleksvestar etter endt turbingo😊



## Nissetrim i Utladalen

Her nokon glimt fra Nissetrimturen vår i Utladalen 28 november😊

40 barn med føresette var med på lommelykttur langs moloen i dalen og løyste julerebus. Me avslutta med graut, saft og gløgg i fjøsen på Timmersletti😊  
Turbo stilte som nisse og delte ut juleposar.



## Vinterens KDU- dag. Akedag ved Seimsåsens akktivitetssenter 12 februar.

Rundt 25 stk tok turen denna vindfulle dagen. Det var aking i akebakken og skigåing for dei som ville det 😊 Me fyrde opp i grillbua, og her kunne ein grille og varme seg.



## Tur til Dagsturhytta 16 april.

Kjekk tur til dagsturhytta i strålende sol. Kring 30 stk møtte opp og deltok på turen. På veg opp kunne barna løse ulike gåter. Turlaget delte ut buffar denne dagen 😊



## Barnas løp i Skåri 28 mai.

Under årets Vettisløp arrangerte Barnas turlag barneløpet, her deltok over 40 ivrrige og raske barn. Etter løpet vart det delt ut premier, frukt og drikke til alle. Eit kjekt løp som me har fått ansvar for neste år og.



## **Padling i kajakk saman med Bulder og Brak opplevingar, 4 juni.**

Rundt 50 stk møtte opp på Seimsdalsstranda denne fine junidagen. Her fekk store og små prøva seg i kajakk. Nokre gikk tur langs stranda medan andre stod spent å venta på sin tur.



- Barnas Turlag -

# STIFTINGA AVDAL GARD



## ÅRSMELDING 2023

Sesongen 2023 er over. Det nye og kjekke var at i år hadde vi tilsett eit fast vertskap. Vi hadde mange søkerarar, der tilflyttarkontoret i Årdal kommune hjelpte oss med å lyse ut i Norden. Takk til Hanne Stedje for god hjelp. Etter at vi hadde plukka ut nokre par hadde vi samtale med dei. Det enda med at Inger Lassen og Joakim Ljungdahl fekk jobben. Dei har sytt for at Avdalen har vore betjent frå 12.juni til 12.september. Det er gledeleg at dei held fram som vertskap også i neste sesong. Håper at bygdefolket stiller opp og nyttar seg av Avdalen og har kontakt med vertskapet. Kanskje blir Inger og Joakim årdøler etter kvart? I ein periode var det därleg ver, men besøket var likevel bra.

Politikameratane med konfirmantkulla frå både Årdal, Lærdal og Aurland har som vanleg vore hos oss, noko som er blitt ein tradisjon. Det er Årdal Tenk Tryggleik som er arrangør og vi har eit godt samarbeid som bidreg til at vi alle er nøgde med gjennomføringa i Avdalen. Verten Joakim deltok på evalueringsmøtet etter at dei hadde vore der.

Visit Årdal står for bookinga i Avdalen. Dette fungerte därleg i starten av sesongen, men det gjekk seg heldigvis til etter kvart.

Som vanleg har vi hatt sauver frå Ofredalen. Dyra gjer god beitejobb på innmarka og passar godt inn i landskapet.

Overnattingstalet er stabilt. Med eit fast vertskap håpar vi på å auka besøk.

Samuel Andre Båtsvik, prosjektleiaren for Naturhuset, vil vi og takka for eit framifrå godt arbeid saman med sine tilsette. Prosjektstillinga tek slutt i haust og det blir spennande og sjå kva framtida bringer.

Fjøsbluesen blei gjennomført laurdag 24.juni, samt den faste graut-turen frå Skihytta i Fardalen. Framleis er den faste dognadsgjengen oppegåande og gjer ein fantastisk jobb. Desse gjer alt av vedlikehald av husa og anna utstyr. Haustdugnaden i år blir laurdag 28.10.

Heilt frå starten i mai 1993 har Miljøprosjektet Avdalen vore hobbyen og etter kvart ein livsstil for meg. Dei første åra var eg leiar både i Årdal Turlag og Avdalen. Saman med ein ufattelig god dognadsgjeng har eg hatt fantastiske år i Avdalen.

Motivasjonen for å bygge opp att og få drift i Avdalen har vore målet mitt saman med

styret i Avdalen. Men alt har ein ende, og ved neste årsmøte har eg sagt frå meg leiarvervet. Det vert sikkert godt å få inn nye kostar som kan tenkje seg å bringe Stiftinga Avdalen vidare og utvikla konseptet. Når det høver, møter eg på dugnad så lenge eg klarer og krabbe meg opp 😊



**Petter Arnt Løvdahl**  
**-leiar-**





Avdalen Gard 23.mai 1991 – Synfaring saman med Hydro Årdal, Årdal kommune, Fylkesmannen, SNO, Petter frå Årdal Turlag og grunneigar Per Avdal.

STIFTINGA AVDAL GARD Postboks 28 6882 Øvre Årdal

Org.nr.: 985858934 Tlf.: 94 57 08 29 Bankkonto: 3730 20.27391